



Ståle Fagerbakke
Grønfjellet 20
5955 Lindås

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3713 - 22/52163

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no


Dato:
26.06.2022

Svar på førespurnad om utleige - gbnr 108/129 Lindås

Vi viser til din førespurnad om utleige av del av bustad på gbnr 108/129. Du spør om du lovleg kan leiga ut del av underetasje, slik vist med gul farge på vedlagt skisse.



Bustaden på eigedomen vart godkjend oppført i vedtak datert 30.12.1971. Det går fram av godkjende teikningar at underetasje inneheld vaskerom og at resten av arealet er unnreidd. Vi kan ikkje sjå av kommunen sitt arkiv at det er godkjend etablert sommarstove og hybel slik du skildrar på eit seinare tidspunkt.



For å ta i bruk det uinnreidde arealet til stove, stoverom, bad eller anna som er definert som hovuddel må du søkja om bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel. Dette er noko du kan søkja om sjølv.

Den skisserte planløysinga i underetasjen vil ikkje vera ei eiga brukseining etter plan- og bygningslova då brukseininga ikkje har eigen inngang og ikkje er fysisk skild frå hovudhusveret. Vi gjer likevel merksam på at dette kan verta vurdert annleis etter matrikkellova og at innreiing av underetasjen slik du viser kan medføra endra bygningskode for bygget og krav til gebyr for vatn, avløp og renovasjon for ny brukseining.

Meir informasjon om brukendring, søknadsskjema m.m. finn du på kommunen sine heimesider, sjå her: [Alver kommune - Endre bruken av ein bygning eller eit rom?](#)

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Godkjende teikningar - gbnr 108-129

Mottakarar:

Ståle Fagerbakke

Grønfjellet 20

5955 Lindås